



Skodje kommune

Sentraladministrasjonen



SKODJE KOMMUNE

Reglement for møtegodtgjering for folkevalde

For kommunestyre og andre politiske utval

Vedtatt i kommunestyret
24.05.2016

Gjeldande frå 01.05.2016

Revidert i formannskapet
29.03.2017

Gjeldande frå 29.03.2017

Innhald

1. Rettsleg grunnlag.....	3
2. Ordføraren.....	3
3. Varaordførar.....	3
4. Møtegodtgjering.....	4
5. Tap i arbeidsinntekt.....	4
6. Deltaking på kurs, konferansar m.m.	5
7. Reiseutgifter	5
8. Utgifter til barnepass m.v.....	5
9. Tolking	5

1. Rettsleg grunnlag

Lovreglar om godtgjering til folkevalde finn ein i kommunelova §§ 41 og 42:

§ 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap.

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerede tap.

§ 42. Arbeidsgodtgjøring.

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

2. Ordføreren

- skal normalt ha 100% stilling.
- si godtgjering skal vere 9 gongar grunnbeløpet i Folketrygda for 100 % stilling.
- får ikkje utbetalt møtegodtgjering.
- får godtgjort utgifter til bruk av mobiltelefon og breiband utifrå gjeldande kommunalt reglement.
- blir meldt inn i kommunen si pensjonsordning med 2 % pensjonstrekk av godtgjering.
- Vil bli forsikra i samsvar med KS sine tilrådingar knytt til økonomiske vilkår for folkevalde¹.
- får ettergodtgjering på 3 månader når han/ho slutter som ordfører. Ettergodtgjering utover 1,5 månad fell bort når han/ho går inn i anna lønna stilling. Ettergodtgjering vert utbetalt frå den 1. i månaden etter valet og tre månader framover.
- som har slutta som ordfører, men held fram i kommunalt politisk verv, skal ha møtegodtgjering i tillegg til ettergodtgjering.
- si godtgjering vert fordelt på 12 like månadlege utbetalingar. Det vert ikkje rekna feriepengar.
- Vert ved sjukdom behandla etter KS sine tilrådingar knytt til økonomiske vilkår for folkevalde²

3. Varaordfører

Varaordfører har ei godtgjering som dekkar funksjonen som varaordfører, men når varaordfører fungerer som ordfører vil det vere ordfører sine regler som skal gjelde.

Varaordfører si godtgjering er 7 % av ordfører si godtgjering i tillegg til møtegodtgjering. Dette skal m.a. dekke når varaordfører er stedfortreder for ordfører i feriar.

I ordfører sitt fråver utover 2 veker utanom ferie, t.d. ved sjukdom eller permisjon, skal varaordfører tre inn i vervet som ordfører og godtgjerast som ordfører i den stillingsdel som han/ho trer inn i vervet.

¹ <http://www.ks.no/globalassets/ok.vilkar-for-folkevalgte.pdf?id=16357>

² <http://www.ks.no/globalassets/ok.vilkar-for-folkevalgte.pdf?id=16357>

4. Møtegodtgjering

Godtgjering vil bli utbetalt 2 gongar i året, fortrinnsvis 12. juni og 12. desember. Administrasjonen syter for at timeliste blir ført. Timelistene blir sendt til folkevalde på e-post, som vil få frist til å gi tilbakemelding om ev. feil.

Dersom det same utvalet held fleire møter same dag, vert det gjeve berre ei møtegodtgjering.

Ved møter som ikkje inngår i møteplan skal eventuell godtgjersle så langt som råd avklarast på førehand.

I møter der enkeltpolitikarar ver innkalla og deltek i kraft av sitt leiarverv i eit utval skal det refererast frå møtet til politisk nivå i etterkant. Slike møter utløyser møtegodtgjering med utgangspunkt i medlemsats i møtereglementet, eventuelt tapt arbeidsforteneste.

Folkevalde må sjølve melde frå om utgifter knytt til køyring i samband med godkjenning av timelistene.

Ordføraren si månadgodtgjering dannar grunnlaget for utrekning av godtgjering til folkevalde.

Denne er pr. 1.5.16: kr. 69432,-

Politikargodtgjersle Skodje kommune	Godtgjersle ordførar pr.	
	1.5.16	69 432
	Prosentdel	Godtgjersle pr. møte
Formannskapsmedlem	4,52 %	3 138,33
Leiar for Det faste planutvalet	4,52 %	3 138,33
Leiar for kontrollutvalet	4,52 %	3 138,33
Leiar for eldrerådet	3,15 %	2 187,11
Leiar For råd for menneske med nedsett funksjonsevne	3,15 %	2 187,11
Leiar i ad-hoc kommitear	3,15 %	2 187,11
Leiar sakkunnig nemnd for eigedomsskatt	3,15 %	2 187,11
Leiar i klagenemnd for eigedomsskat	3,15 %	2 187,11
Leiar i namnenemnd	3,15 %	2 187,11
Kommunestyremedlem og medlem i andre råd/utval	0,93 %	645,72
Leiar ungdomsrådet	0,52 %	361,05
Medlem ungdomsrådet	0,37 %	256,90

5. Tap i arbeidsinntekt

Kommunale folkevalde som legitimerer at dei er trekt i løn av arbeidsgjevaren i samband med kommunale oppdrag, kan få gitt dekning for dette. Tapt arbeidsinntekt kan dekkjast ved at arbeidsgivar fakturerer kommunen direkte for fråver, for å hindre at folkevelade taper pensjonsrettar og feriepengar.

Sjølvstendig næringsdrivande kan få dekt legitimerede utgifter/tapt arbeidstid med inntil kr. 3 000,- for heildagsfråver (7.5 timar).

Ulegitimert tap av arbeidsinntekt som kan sannsynleggjerast, erstattast med inntil eit av kommunestyret fastsett maksimumsbeløp pr. møtedag jf.kommunelova § 41 nr. 2.

Maksimumsbeløpet er fastsett til kr.1000 pr dag. Ved deler av dag, utbetalast samhovande tapt arbeidsfortjeneste. Ulegitimert tap vert ikkje gjeve automatisk, men etter søknad.

6. Deltaking på kurs, konferansar m.m.

Medlemmane av folkevalde utval som er oppnemnde eller får løyve av ordførar til å delta på kurs eller konferansar, får dekt eventuelt tap i inntekt.

7. Reiseutgifter

Reiseutgifter vert dekt etter reglane i det kommunale reiseregulativet.

8. Utgifter til barnepass m.v.

Denne posten gjeld barnevakt, tilsyn, omsorg og liknande. Timesats: kr. 100,-.
Dokumenterte utgifter ut over dette vert dekt.

9. Tolking

Tolking av reglementet skal i tvilstilfelle leggjast fram for formannskapet til avgjerd. KS sine tilrådingar for økonomiske vilkår for folkevalde skal som hovudsak leggjast til grunn i vurderinga.